

August - november 2018, årgang 7, nr 3

Kyrkje og kultur i Sirdal



**Besøk frå
Barcelona**

Side 4-6

**Altartavlene våre:
*LUNDE KYRKJE***

Side 8-10

**Kultur-
sidene**

Side 18-28

Guds to adresser

Det hender rett som det er at eg må ut i sørgjesamtale i samband med dødsfall. Då må eg først vita kor dei pårørende bur. Mobiltelefonen er då god å ha, for der finn eg som regel adressa dei bur på. Om eg googler kartet, kan eg og sjå kor eg må køyra for å koma fram.

Vi har alle ein stad vi bur på og høyrer til. Folk veit kva adresse vi har, og dei finn fram når dei vil vitja oss. Kvar finn vi Gud? Kva adresse bur han på? Nokre vil seia han er å finna i skaparverket. Eg er glad i naturen, særleg no sumarstid. Hausten er og ei fin tid med flotte farger når blada fell. Og vinteren har sin sjarm, sjølv om eg heller vil ha sol og varme. Men for meg er naturens mangfald eit vitnemål om at det må stå ein Skapar bak. Dette kan ikkje ha blitt til av seg sjølv.

Likevel har Gud ein tydelegare adresse. Han bur særleg på to stader, ifølge Skrifta: 'I det høge og heilage bur eg og hjå den som er knust og nedbøygd i ånda' (Jes. 57,15). Når Gud bur i det høge og heilage, då tenkjer vi på at han er i himmelen og har all makt, opphøgd over alle menneske. Vi blir små i forhold til han. Han er heilag, utan synd. Vi er syndige og skrøpelige menneske, ute av stand til å gjera noko med det. Difor tykkjest avstanden til Gud så stor. For mange blir han ein fjern Gud, langt borte frå kvardagslivet.. Men Gud bur på ei adresse til. Han bur i hjartet til den som er knust og

Salmar og salmesong

I siste utgåve av bladet skreiv vi om kunst i kyrkja og den viktige oppgåva kunsten har med å formidla Guds ord til oss. Spesielt har vi peika på altarbileta våre i dei siste blada.

I kyrkjemøtet sitt vedtak på møtet i vår, vart det og peika spesielt på kyrkjemusikken. I den samanhengen er sjølv sagt salmesongen heilt sentral, både med tekstane og melodiane. Då Petter Dass levde, var det få som kunne lesa. For å hjelpe folk til å læra og til å hugsa preiketekstane, skreiv han ut alle tekstane som songar.

Det har vorte sagt at salmeboka er «den erfarne bibel». Salmane formidlar Guds ord til oss, vi får høve til å lovsyngja og takka Gud i salmane, og dei hjelper oss til å be, til å forma våre tankar i bøn til Gud.

Etter at eg for ei tid tilbake dagleg byrja å lesa og grunna litt på dagens salme i

bibelleseplanen, har det etter kvart gått meir opp for meg kva skatt vi har i salmane. På «Salmereisa 2018», som er omtala i denne utgåva av bladet, fekk vi endå nærare kjennskap til og kunnskap om salmane. Vi fekk og bli kjent med det rike arbeidet med nye salmar i Noreg og ikkje minst i Danmark. Vi har mykje godt å sjå fram til.

Mange av oss er glad i å syngja salmar, og fellessong gjer noko med oss både psykisk og sosialt. I tillegg til salmesongen i gudstenestene, har vi nokre gonger hatt eigne salmekveldar, men ikkje så ofte – det har gjerne vore for å bli kjent med nye salmar som det kan vera fint å bruka i gudstenestene.

I kyrkjelydane i Skjerstad og Misvær i Nordland er det eit imponerende, tankevekkjande og inspirerende arbeid med salmekveldar, som er omtala i dette bladet. Noko for oss?

Lars Audun Fodstad

nedbøygd i ånda. Livet er som regel godt å leva, likevel opplever vi mykje som tyngjer oss ned: bekymringar, einsemd, motløyse og sjukdom, berre for å nemna noko. Men då er Gud nær. Han er alltid nær, særleg når livet buttar imot. Då ønskjer han at vi verkeleg skal vita at han er hjå oss. «Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill ikring, for eg er din Gud.

Eg styrkjer deg og hjelper deg og held deg oppe med mi frelsarhand» (Jes. 41,10). Gud trykker aldri ned den som ligg nede. Gud .støyter heller aldri nokon bort frå seg. Ingen kan riva nokon ut av mi

seier Jesus. Eg vonar du klarer å kvila i slike ord. Her er mange iblant oss som har gjort den erfaringa at Gud er å finna, han kjem oss i møte, lyfter oss opp og gjev ny kraft og nytt mot. Vi treng altså ikkje gå langt for å oppsøkje han. Vi treng ikkje gå nokon plass, for han er hjå dei som er knust og nedbøygd i ånda. Og det han vil er å «vekkja ånda til liv hjå dei bøygd og hjarta til liv hjå dei knuste» (Jes. 57,15). Den oppgåva tek Gud på alvor. Ingen kan løfta den einskilde opp og gje ny von slik som Gud.

Rolf Eriksen

Miljøtipset: Bygg ein humlekasse!

Humlesurr er for mange eins med lyden av sommar. Om du tykkjer du høyrer mindre «brumming» mellom blomane no en tidlegare, så kan det ha samband med den urovekkjande nedgangen ein har sett i humlebestanden dei siste åra. Du kan bidra til å snu utviklinga ved å hjelpe humlene med ein bolplass.

Foreininga La Humla Suse jobbar med å sikre humla sine livsvilkår i Noreg. På nettsida til foreininga (www.lahumlasuse.no) kan du finne gode oppskrifter på ulike typar humlekassar. Tip-sa og illustrasjonen nedanfor er henta frå nettsida deira.

Humlene etablerer gjerne bola sine i gamle musebol, eller liknande. Når du skal lage ein kunstig bolplass for humler, er det i praksis ein god kopi av eit musebol du prøver å lage.


skal, når det er ferdig, ha form som ei kule med utvendig diameter på ca. 10 cm. Bruk fingrane til å forme eit holrom på ca. 5 cm i bolmassen.

«Tapetser» så holrommet med fleire tynne lag finmasse (fettvatt). Gjer dette med roterande fingerrørsler med tre fingrar fram til veggane på innsida av bolet er solide og holrommet ca. 3-4 cm stort. Fettvatt kan du få gratis på

underteikna sitt kontor på rådhuset. Pass på at det er fri passasje gjennom i ein 2 cm vid tunnell frå inngangsholet inn til bolet. Avslutt med eit fint tak av finmasse (fettvatt), eit lag bolmasse og eit lag grovmasse som ekstra isolasjon.

Humler oppsøker gjerne steinar, stubbar, buskar og andre punkt som stikk seg litt ut i terrenget. Det kan være smart å plassere kassen ved eit slikt punkt. Eit anna tips er å legge litt museluktande materiale i bolet og bruke dette som eit naturleg lokkemiddel.

Sven Sandvik



Start med å bygge ein trekasse (30x30x15cm) med vasstett tak som kan løftast av. Bruk trykkimpregnerte treklossar som bein. Kassen skal ha eit inngangshole på 20-25 mm nedst på eine sida og eit luftehol på 30 mm øvst på andre sida. Dekk lufteholet med finmasse, rustfri metallduk.

Legg tørt plen gras (grovmasse) i kassa og form eit knyttnevestort holrom i midten. Oppi holrommet legg du finare, mjukt gras utan strå (bolmasse). Bolet

Kyrkje og kultur i Sirdal nr 3/2018

Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

Fire utgåver pr år.

Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Sven-Egil Testad, Yngve Søyland.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

Abonnement:

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i

Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsida: Besøk frå Barcelona (2018)

Frå venstre: Rolf M. Hompland, Kristen, Hala, Mona, Sissel Agathe Bø, Rolf P. Eriksen

Foto: Yngve B. Søyland

Trykk: Synkron Media

Besøk fra Barcelona, samarbeidsavtale kyrkjelyden - NMS

I mange år støtta Tonstad kyrkjelyd Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid ved Håpets Senter i Paris.

Då den lokale kyrkjelyden overtok ansvaret for drifta av dette senteret, foreslo NMS eit nytt prosjekt for Sirdal sokneråd. Sidan 2014 har pengane vi samlar inn gått til eit arbeid mellom innvandrarar i storbyen Barcelona i Spania.

På gudstenesta i Tonstad kyrkje søndag 10.juni vart avtalen forlenga for fire nye år. Sverre Jakobsen, områdeleiar i NMS, og Gunnlaug Seland, frå soknerådet, signerte avtalen.



Mona, Hala og Kristen

I dag leier dei eit internasjonalt team av medarbeidarar som driv eit variert arbeid mellom innvandrarar og flyktningar, hovudsakleg frå Midtausten og Nord Afrika.

Til stade på gudstenesta var også fire sentrale medarbeidarar frå Barcelona.

Det egyptiske ekteparet Mona og Hany har i nærare 25 år budd og arbeidd i Barcelona-området.

Under ei vitjing i Noreg hausten 2014, hadde dei også eit kort stopp på Tonstad.

Denne gongen fekk dei litt meir tid her, og dei hadde også selskap av to andre



Anne Turid Garcia og Hany

sentrale medarbeidarar i prosjektet. Hala, også ho opprinneleg frå Egypt, har

saman med mannen sin arbeidd i Barcelona i meir enn 16 år.

Kristen som har budd i Barcelona i fem år, skal no avslutte tenesta og reiser snart heim til USA.

Alle fire var overvelda av mottakinga dei fekk i Sirdal. Det fantastiske véret gjorde ikkje det positive inntrykket av vakker natur, fred og ro mindre!

Besøket strekte seg frå torsdag til søndag,

Omvisning i både nedre og øvre del av dalen, møte med ordføraren, omvisning i Tonstad kraft stasjon, misjonsmøte på Bedehuset og møte med Trafo-ungdomane, var berre noko av det som sto på programmet.

Vi fekk høyre om eit spennande og variert arbeid. Ved to kultursenter tilbyr dei språkopplæring, datakurs, leksehjelp, barneklubb, kvinnegrupper og mykje anna.

Hany fortel at mange kjenner på frustasjon og fortvilning. Dei kjem til Europa med så mange draumar og håp, men vert fort møtt av den harde realiteten. Det å møte omsorg og omtanke, ikkje minst kunne snakke med nokon på sitt eige morsmål, er viktig. Hany er klar på at det dei djupast sett ynskjer er å vise Guds kjærleik og omsorg for alle menneske, også mellom menneske og Gud går det ei bru! Til sentra kjem menneske med ulik bakgrunn og tru, her er alle velkomne.

Dette siste skuleåret har dei også hatt nordmenn i medarbeidarflokk.

På gudstenesta søndag fekk vi helse på to unge jenter som er klare til å overta stafettpinnen, frå august skal dei vere såkalla ettåringar for NMS i Barcelona.

Kristen fortalde også om eit spennande prosjekt for flyktningekvinner. Gjennom kunst og formingsaktivitetar får dei hjelp til å bearbeide vonde opplevingar og traumer. Det var sterkt å høyre korleis fleire kvinner ga uttrykk for at desse samlingane ga dei nytt mot og håp for framtida.

Dei har gitt sentra det spanske namnet «PUENTE». Dette tyder «BRU»,



dei ynskjer å vere med på å bygge bru mellom menneske, mellom innvandrarar og det spanske samfunnet.

Sirdal Blandakor på festen
Kristen har mellom anna hatt ansvar for å koordinere innsatsen til dei frivillige medarbeidarane. Ho fortel at

enkelpersonar og grupper frå ulike kantar av verda kjem for å delta i arbeidet i kortare og lengre periodar.

Det er ikkje alltid så mykje som skal til for å gjere kvardagen til andre litt lysare; eit venleg smil, nokon som seier «Hei».

Arabisk er fellesspråket for dei vaksne, men mellom borna og dei unge går praten like gjerne på spansk.

Fire medarbeidere presenteres av Turid i Tonstad kyrkje søndag 9. juni.

I tillegg til arbeidet på dei to kultursentra, leier Mona og Hany ein arabisktalende kyrkjelyd i byen. Kvar søndag ettermiddag samlast menneske frå fleire ulike nasjonar seg til gudsteneste og søndagsskule.

Tekst: og foto:

Anne Turid Garcia

Frå venstre:

Hany, Kristen, Hala,

Anne Turid Garica, Mona



Kulturkveld med Ivar Skippervold

Onsdag 7. november kl. 19.30 i kulturhuset

**Tema: Tro møter tro. Om kristen tro i møte med annen tro.
Ivar Skippervold taler og synger viser.**



Foto og tekst fra Brobyggerprisen 2016:
Med tillatelse fra Kirkeakademiene, pressebilde

VINNER AV BROBYGGERPRISEN 2016:

IVAR SKIPPERVOLD

Ivar Skippervold har tatt initiativ til multireligiøse musikk- og kulturfestivaler.

I 2016 mottar Ivar Skippervold Brobyggerprisen for innsatsen med å bygge dialog og forståelse mellom ulike grupper av mennesker.

Gardsnamn i Sirdal: Kvæven

Namnet Kvæv tyder opphavleg ein liten dal med fjell på alle sider.

Kvæven er fleirtalsform og kjem av at det er to dalar som ligg ved sida av kvarandre.

Fram mot slutten av 1600-talet var garden ein husmannsplass under Sinnes. Opp til midten av 1800 talet var det berre eit bruk på Kvæven, men seinare vart garden delt innan slekta, slik at det frå 1923 har vore tre bruk på garden. For omlag 150 år sidan budde det på det meste 19 mennesker på garden. I dag er det 17 fastbuande.

Vegen opp dalen vart ferdig fram til Fidjelandsvatnet like nord for Kvæven så tidleg som 1871. Her kunne reisande få overnatting, og i 1891 vart det skriven ein avtale mellom bonden på garden og Flekkefjord og Oplands Turistforening.



I 1973 vart Kvæven Kro opna og driven fram til 2008. I 1962 vart Kvævemoen kapell innvigd, med preikestol og døypefont laga av dalen sin eigen kunstnar, Sven Valevatn.

I dag er det reist museumsbygg på Kvæven med turistinformasjon, panoramafilm og samling av kulturgjenstandar. Rundt mu-seet er det ei samling av eldre hus der dei eldste er frå 1770-åra.

Kvæven kan og visa til at dei saman med Skreå har den eldste værstasjonen i Øvre Sirdal. Stasjonen vart reist i 1895 og er i funksjon den dag i dag. No er han verna som nasjonalt minnesmerke, men kvar fredag vert det framleis sendt melding om nedbør etc. til Meteorologisk institutt.

Tekst: **Steinar Tjomlid**
Foto: **Per Mage Sinnes**

Altartavlene våre: *Lunde kyrkje*

For mange av oss er det ein vane å gå inn i kyrkjer når vi er på reiser. Sørover i Europa kan ein bli ståande mållaus lenge og berre ta inn alt det vakre, særleg i katolske kyrkjer.

Altartavla i Lunde kyrkje

Eit uvanleg viktig vedtak vart gjort I 1930 om å restaurera altartavla og preikestolen i Lunde kyrkje. Dette var i tida Per E. Sæbø var sokneprest i Sirdal.

Den praktiske oppgåva skulle konservator Ulrik Hendriksen og målaren Gunnar Wang gjennomføra.

Arbeidet vart ei oppdagingsreise tilbake i tida der historia lagvis

vart avdekka. Både altartavla og preikestolen var kvitmåla, og eksperten fann fire lag med kvitmåling. Under desse laga kom det fram signert rosemåling frå 1840. Nasjonal oppvaking og nasjonalromantikken blømde på den tida. Så kan ein undra seg over at kvitmålinga vart teken i bruk alt året etter. Men det var fleire lag med måling som skulle skrapast fram, og neste lag førte tilbake til 1734. Ei fin barokkmåling kom fram i ljuset med denne inskripsjonen: Denne Predikestols Stafering er bekostet af Hr. Capitain ... Pristrop Anno 1737.

Endeleg kom konservatoren inn til opphøveleg måling, og då kom fantastisk fin renessansekunst fram som hadde vore skjult i 200 år. For ekspertane må det ha vore like ekstatisk som for ein gullgravar å finna gull. Og nettopp gullbelegg var brukt i rikt monn på denne stafferinga frå 1637. Konservator Ulrik Hendriksen kunne slå fast at det var den kjende kyrkjemålaren, Gottfried Hendtzschel, som hadde ført pen-



Kyrkje og kultur i Sirdal 8

selen på både altertavla og preikestolen.

Når det gjeld kunst, var 1600-talet ei svært rik tid i Stavanger. Reformasjonen hadde ført med seg rasing av den rike utsmykkinga som var så typisk for katolske kyrkjer. Men nå sameina kyrkja seg med borgarskapet og rike lensherrar i Stavanger-distriktet i eit sterkt engasjement for kunst i kyrkjene. Dermed hadde dei økonomisk kraft til å tilsetja dyktige kunstnarar til arbeid i kyrkjene i distriktet.

Lauritz Snekker.

Brørne Thomas og Lauritz, begge med tilnamnet Snekker, var dei mest kjende trekunstnarane i Stavangerdistriktet. Thomas har mellom mykje anna laga altertavla og ein stor del av utsmykkinga i Røldal

Det var Lauritz Snekker som i 1620 laga altertavla og preikestolen som står i Lunde kyrkje.

Han var elev av Gottfried Hendtzschel. Lauritz har ein rik produksjon bak seg, mellom anna laga han også altertavla på Utstein kloster og preikestolen i Årdal gamle kyrkje. Alt trearbeid som er nemnt her, vart måla av Gottfried Hendtzschel.

Gottfried Hendtzschel

Både fødsels- og dødsår er ukjende, men han hadde si store arbeidstid i Noreg mellom 1620 og 1650. Han var tysk, født i Breslau, Schlesien (nå Wrocław i Polen). Han hadde oppdrag i meir enn 30 kyrkjer frå Røldal i nord til Lillesand i sør. Me kan slå fast at han var ein av dei dyktigaste og mest produktive kunstnarane i landet på 1600-talet.

Hendtzschel måla i kyrkjene og altså ikkje i atelier.

Han og medhjelparane vart innlosjerte privat i nærleiken av kyrkja der han hadde oppdrag. Alle målarakene med pigment måtte dei ha med frå Stavanger og gjerast klar til bruk på staden. Oppdragsgjevaren hadde som regel klar meining om kva motiv som skulle målast. Dei same motiva går igjen i fleire kyrkjer. Folk såg og beundra det dei såg i andre kyrkjer, og ut frå det tinga dei

motiva dei ville ha.

Målinga til Hendtzschel har likevel lite preg av kopiering. Han var personleg og sette tydeleg avtrykk ved måleteknikken og fargane. Kraftige penselstrøk og ei spesiell evne i fargesamansetjinga gjer han lett gjenkjennbar.



Kyrkje og kultur i Sirdal 9

I samtida imponerte han stort ved tempoet. Rekneskapa syner at målaroppdraga varierte frå ein dag til ei veke i dei ulike kyrkjene.

Dei sentrale motiva er knytta til Jesu lidingshistorie; nattverden,

kyrkje hadde opphaveleg eit tekstfelt med dei ti boda. I 1964 måla Sverre Næsheim korsfestingsbiletet som nå dekker dette feltet. Dette er ein kopi av det biletet Hendzschel måla i 1627 i Ogn kyrkje.

Altertavla til Lunde kyrkje.

Altertavla og preikestolen vart laga mest to hundre år før noko gudshus vart bygt på Lunde. Så korleis hamna desse klenodia her? Det me veit er at dei tidlegare har stått i Lund kyrkje på Moi og seinare i Bakke kyrkje. Derfrå har dei kome til Lunde i Sirdal.

I 1819 vart det bygt eit lite kapell på Lunde. I 1873 vart nåverande kyrkje teken i bruk.

Altertavla og preikestolen stod i det vesle kapellet, men me veit ikkje kor lenge. Midt på 1800-talet var Sirdal svært fattig. Det var organiserte innsamlingsaksjonar både i Stavanger- og i Lister- og Mandals amt til «de nødlidende i Sirdal». Kanskje var det i ei slik stemning at Lunde fekk denne gáva? Altertavla og preikestolen var ikkje spesielt vakre på den tida, dei vart kvitmåla i 1841.

Det er svært god grunn til å rosa dei som tok initiativ til restaureringsarbeidet i 1930. Det er minst like god grunn til å hylla dei som gjennomførte arbeidet slik at dei gamle kunstverka kan stråla mot oss slik dei gjorde mot folk for snart 400 år sidan.

Tekst: **Magnar Undheim**
Foto: **Per Magne Sinnes**



Forstørra bilete frå altertavla

krossfestinga, gravlegginga og oppstoda. På preikestolane måla han alltid dei fire evangelistane. Midtfeltet på altertavla i Lunde

Kyrkjeverje Yngve Bjørn Søyland har kontordag på Kvæven Fjellmuseum kvar veke

Har du spørsmål eller anna, eller bare har lyst til å slå av ein prat, ta turen innom.

Kontor vis a vis info-skranken.

Kontoret er ikkje betent i feriar.

Onsdagar kl. 08-15

Imponerende – tankevekkjande – inspirerende!

Store ord, men ikkje for store, tenkjer eg etter å ha fått kjennskap til kva kantor Hildur Eli Gryt i dei små kyrkjelydane Skjerstad og Misvær, i nærleiken av Bodø, har fått til.

I 2015 ga ho ut ei lita bok med tittelen «Lenge leve salmen!» med undertittelen «Salmekvelder som menighetsbygging». Ho starta hausten 2005 med salmekvelder ein gong i månaden i begge kyrkjelydane, som kvar har på lag 500 medlemmer. 150 salmekvelder var gjennomførde på knapt ti år då boka kom ut. No fortel ho at komande året reknar ho med å runda 200 salmekvelder!

Korleis gjer ho det? - Kveldane er delt i tre:

Først er det kveldens gjest, som kan vera alt frå ein av dei vanlege personane i kyrkjelyden, til prest, salmediktar, eller til og med biskop. Dei fleste gongene er det nok ein ganske vanleg person som er litt interessert i salmar. Gjesten får 30 -45 minutt som kan nyttast litt ulikt. Det kan vera at ein syng nokre salmar vedkomande er glad i, kanskje det vert sagt litt om kvifor, eller noko om diktar og komponist. Det kan og vera at ein tek føre seg ein spesiell salmediktar eller komponist.


Dernest er det ei avdeling med ønskesalmar, der dei frammøtte får høve til å koma med sine personlege ønsker om kva salmar ein skal syngja. Denne delen kan variera i lengd, etter kor lang tid kveldens gjest har brukt. Til

sist syng ein gjerne kveldens nye salme før ein avsluttar den formelle delen av salmekvelden med Fader Vår og velsigninga.

Kaffedelen avsluttar kvelden. Forfattaren hevdar at denne delen er like viktig som dei to første. Den gjev høve til mange gode samtalar, gjerne på bakgrunn av innhaldet i dei to første delane. For mange er det enkle måltidet

saman med kjente og ukjente menneske, ei viktig sosial oppleving. Boka er ei forteljing om salmekvelder og salmesong og ei oppfordring til alle som er glad i salmar til sjølv å gå i gang med slike kvelder. Samstundes understrekar forfattaren at arbeidet må tilpassast dei lokale tilhøva, kvar kyrkjelyd må finna si form.

Tekst: **Lars Audun Fodstad**



Forside: Rakel Marie Sivertsen

Salmereisa 2018 - ei fantastisk oppleving

Norsk hymnologisk foreining – kva i all verda er det?

Hymnologien er læra om [salmesong](#) og salmedikting. I hymnologien forskar ein på salmesongen og den [åndelege](#) songen, [salmebøkene](#), [salmediktarane](#) og deira salmar. Hymnologien arbeider med salmar i fortid og notid.

Salmereisa 2018

Som medlem av foreininga fekk Hanne invitasjon til å bli med på denne reisa som starta i Oslo 2.pinsedag, og gjekk via Fredrikstad – Lund – Malmø – København – Fredericia – Christiansfeld – Viborg – Arendal attende til Oslo.



Hans Anker Jørgensen, Eyvind Skeie og Sindre Eide

Reiseleiar var Eyvind Skeie, som vi kjenner som forfattar, teolog, prest, salmediktar og kulturarbeidar – nokre stikkord her kan vera: Tenn lys! , ..., Vårt alterbord er dekket..., Visst skal våren komme..., Sesam stasjon..., Portveien 2. I tillegg til all kunnskapen synta han ein utruleg humoristisk sans, og var såleis ein suveren reiseleiar. Teknisk reiseleiar var vår tidlegare sokneprest i Sirdal, Sindre Eide. Dette var eit glimrande to-spenn.

I alt var vi 38 personar på tur. Mange «fagfolk» som professorar, prestar, kantorar, lærarar, erfarne og unge salmediktarar, og ein del vanlege salmeinteresserte personar.

Glimt frå programmet

I Glemmen kyrkje i Fredrikstad heldt professor ved Musikkhøgskulen, Harald Herresthal eit flott foredrag om Egil Hovland, komponisten bak innpå 70 av melodiane vi har i salmeboka vår, mellom anna: Måne og sol...,


Takk gode Gud for alle ting..., Fylt av glede over livets under...

I Lund i Sverige fekk vi to interessante foredrag. Det eine av Peter Sandvall om gospelmusikkens veg til ein svensk 17-åring, det andre av Alva Ekström om Anders Frostensons liv og dikting, den store svenske salmediktaren, som vi har på lag 20 salmar av i vår norske salmebok,

mellom anna: De trodde at Jesus var borte..., Syng for Herren, sol og måne..., Guds kjærleik er som stranda...

I København møtte vi salmediktaren Hans Anker Jørgensen og komponisten Caroline Borello Lerche som har hatt eit spennande samarbeid. Dei har skrive mange salmar og melodiar som eg trur nettopp går heim til folk som i dag kanskje ikkje står kyrkja så nær. I salmeboka vår har vi diverre berre ei av salmane hans, den fine dåpssalma: Sov, du lille, sov nå godt..., men ingen av dei nyare og meir radikale salmane hans.

I Fredericia møtte vi Holger Lissner, kanskje den mest kjente nålevande danske salmediktaren. Han er 80 år, men framleis særst vital. Han har vi



Holger Lissner


berre to salmar av i vår salmebok, den eine er: Nå tenner vi vår adventskrans,..., men han har svært mange bra salmar, som vi burde hatt fleire av.

Ei vitjing hjå Brødremenigheten



Christiansfeld, Salshuset

i deira eigen by, Christiansfeld, var og ei særst interessant oppleving, der vi mellom anna fekk




oppleva deira Singstunde – ei gudsteneste der ein set saman vers frå ulike salmar som ein

syng, og som vert som ei preik.

Byen er heilt spesiell og er komen på verdsarvlista.


I Viborg vart vi særst vel mottekne av biskop Henrik Stubkjær. Fekk først eit foredrag av Carsten Bach-Nielsen frå Aarhus universitet om Grundtvigs salmers innflytelse på Skovgårds fresker, som heile domkyrkja er fylt av. Seinare fekk vi ei orientering av Morten Skovsted om den salmedatabasen dei nå byggjer opp i Danmark for å ta vare på og formidla all den nye verdfulle salmediktinga som nett nå skjer hjå dei.

Siste innslag på reisa var for mange den aller største opplevinga, møtet i Stokken kyrkje i Arendal med vår store salme-



Viborg domkirke

diktar Svein Ellingsen, som nå er 90 år. Han har ansvar for over 40 av salmane i salmeboka vår, mellom anna: Vi syng med takk og glede..., Fylt av glede over livets under..., Vi rekker våre hender frem,..., og har i tillegg omsett 15 andre. Eyvind Skeie, som har skrive biografi om han, tala, men Svein Ellingsen tok også sjølv ordet og ville gjerne helsa på alle deltakarane.



Svein Ellingsen

Tekst: **Lars Audun Fodstad**

Foto: **Nils Kristian Bonden**

Verksemd på Tonstad bedehus

August

Søndag 26. kl. 11.00 Storsamling

September

Søndag 2. kl. 11.00 Storsamling
Torsdag 6. kl. 19.30 Bønnesamling
Søndag 9. kl. 11.00 Storsamling
Torsdag 20. kl. 19.30 Basar
Fredag 21. kl. Basar
Søndag 23. kl. 11.00 Storsamling

Oktober

Torsdag 4. kl. 19.30 Nattverdmøte
Lørdag 6. kl. 18.00 Hompland basar
Søndag 7. kl. 11.00 Storsamling
Torsdag 18. kl. 19.30 Bønnesamling
Søndag 21. kl. 11.00 Storsamling
Lørdag 27. kl. Øksendal basar
Søndag 28. kl. 19.30 Møte, NOREA

November

Søndag 4. kl. 17.00 Storsamling
6. - 8. kl. 19.30 Møter, NLM
Søndag 11. kl. 19.30 Møte IMF
Torsdag 15. kl. 19.30 Bønnesamling
Søndag 18. kl. 11.00 Storsamling
23. - 24. Julemesse NLM kulturhuset

Tonstad Søndagsskule

Søndagsskule når det er storsamling

Tonstad Yngres - fredagar kl. 19.00

Trafo - laurdagar kl. 20-24. Frå 8.kl.

Tonstad Barnelag - torsdagar på

Tonstadli

Familiekrik - kontakt Petter Torsteinbø

Bibelgruppe for ungdom - kontakt Ingve Nord-Varhaug og Siv Olaug Tonstad

Bibelgruppe for voksne - kontakt Jørgen og Torhild Tjørhom

Lovsangsgruppe - kontakt Trine Ousdal

Åpne samtalekveldar - torsdagar i oddetallsveker kl. 20.00

For meir info, følg oss på Facebook



Takk til våre støtteannonsører for viktig økonomisk støtte:

Fjellbutikken AS

Storås 3, 4443 Tjørhom, tlf 38370010
E-post: narbutikken.fjellbutikken@narbutikken.no

GP Tjørhom

Svartevatn, 4443 Tjørhom, tlf 38371241
E-post: joker.sinnes@joker.no

Infoskjermen

E-post: support@infoskjermen.no
www.infoskjermen.no

Kjell Hergot - digitalisering av bilder/filmer

Guddal 21, 4440 Tonstad
tlf 971 68 647
E-post: k-hergot@online.no

Omlidbutikken AS

Sirdalsveien 6114, 4440 Tonstad, tlf 38371857
mobilnr 90818973
narbutikken.omlid@narbutikken.no

Sageneset feriesenter AS

4443 Tjørhom, tlf 38371300
E-post: ferienesenter@sageneset.no
www.sageneset.no

Sinneshytta AS

Tlf. 38 37 74 22, mob. 977 29 183
E-post: tor.sigve.vik@sinneshytta.no
www.sinneshytta.no

Sira-kvina kraftselskap

Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00
E-post: post@sirakvina.no
www.sirakvina.no

Sirdal Huskyfarm

Ousdal, N-4440 Tonstad | Norge
Telefon +47 38 37 18 62— +47 482 86 044
E-post: hallo@sirdalhuskyfarm.no
www.sirdalhuskyfarm.no

Sirdal Regnskapslag

Postboks 113, 4441 Tonstad
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,
www.srlag.no

Sirdal bilverksted

Sirdalsveien 3846, 4440 Tonstad
tlf 38370070 E-post: post@sirdalbil.no

Tveit og Tjømli

Buveien 2, 4440 Tonstad
tlf. 915 13 408
E-post: post@oftnb.no

Tonstad Bakeri AS

Tonstadvegen 20 A, 4440 Tonstad,
tlf 38370122
E-post: bagaren@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter

Litleli 45, 4440 TONSTAD
tlf 38377480
E-post: post@tonstadli.no www.tonstadli.no

Ådneram skitrekk

Sirdalsvn. 8894, 4443 Tjørhom, mob 99441144
E-post: post@aadneram-skitrekk.no
www.aadneram-skitrekk.no

Lister
begravelsesbyrå

*Vi er alltid tilgjengelige
når dere trenger vår hjelp*

Tonstadvegen 105,
4436 Gyland

Vakttелефон
489 55 200

Eilif Sandvand Galdal

91880109

Oddvard Galdal

95974136

www.listerbegravelse.no



**Nærbutikken,
Tonstad**

Åpningstider
man-fre 08.30 - 20.00
lørdag 08.30 - 18.00

Tonstadv.17, 4440 Tonstad.
Telefon 38 37 01 42

**Flekkefjord
og Treland
Begravelses-
byrå**

Kenneth Trælendshei
Strandgt. 38
4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 22 27
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring
og lokale tradisjoner
Døgnvakt

Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og anneks
Rehabilitering av gamle
bygninger og laft
Rehabilitering av skorstein/
pipe (foring)
Nye peiser og ovner
Salg av tretjære

Tonstadvn. 1566, 4440 Tonstad
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:
post@offnb.no

**Velkommen til å ta
kontakt med oss!**

Telefon: 38 10 92 00
E-post: kvinesdal@sor.no



**SPAREBANKEN
SØR**

Total leverandør innen VVS

Avd: Sirdal
TLF 97 68 22 41



Kontor (Flekkefjord) - TLF 38 32 22 41

MODALSLI RØR A/S

Flekkefjord - Bademiljø - Sirdal
TLF 38 32 22 41 - post@modalsliror.no - www.bademiljo.no
Adresse: Brogeta 31 - 4400 Flekkefjord

Den norske kyrkja i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadveien 25

Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad

www.sirdal.kyrkja.no - post@sirdal.kyrkja.no

Telefon: 38371600

Sokneprest Rolf Petter Eriksen

rpe@sirdal.kyrkja.no/48040876

Kyrkjeveerge Yngve Bjørn Søyland

ybs@sirdal.kyrkja.no/41282700

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland

ish@sirdal.kyrkja.no/95202865

Kyrkjelydsarbeidar Anne Berit Frøysnes

abf@sirdal.kyrkja.no/48138626

Kantor Kjetil Øygard Eidevik

koe@sirdal.kyrkja.no/99545299

Tonstad Soul Children May Tone Josdal

mtj@sirdal.kyrkja.no/41334083

Tonstad kyrkje

Ingve Nord-Varhaug, kyrkjetenar

Reda Staneviciene, reinhaldar

Lunde kyrkje

Gunn Siri Ousdal, kyrkjetenar og reinhaldar

Kvævemoen kapell

Björg Hilde Fidjeland, kyrkjetenar (permisjon)

Reda Staneviciene, reinhaldar

Haugom kapell

Dah May Htoo, reinhaldar

Vakant, kyrkjetenar

Sirdal sokneråd

Aud Ingrid Fidjeland, leiar, tlf 976 00 440

Gunnlaug Seland, nestleiar, tlf 977 95 744

Tor Arne Liland

Ingunn B. Tonstad

Hanne Fodstad

May Bente Øksendal Ousdal

1. vara: Einar Samslått

2. vara: Mari Halvorsen

Slekters gang

DØYPTE

Haugom kapell

16.06. Noah Haugom

Tonstad kyrkje

24.06. Henrik Josdal Fjeldsaa

Lunde kyrkje

05.08. Lars Elias Ekeland Ousdal

GRAVLAGE

Tonstad kyrkje

15.06. Anna Ousdal Josdal

10.07. Anne Martine Josdal

26.07. Tor Kristian Liland

Lunde kyrkje

03.07. Alma Kristine Tjørhom

02.08. Gunnar Sirekrok

VIGDE

Kvævemoen kapell

23.06. Amalie Kronfeldt Sirekrok og

Olav Tunheim

BANKEN

Kvinesdal Sparebank

Dine drømmer
Vår utfordring



Du får fordeler
i BANKEN
du ikke får
i noen
annen bank



Telefon: 95 91 08 84
kvinesdalsparebank.no

Hvordan har du det – egentlig?

Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.

815 33 300
Kirkens SOS

Lund

REGNSKAPSKONTOR AS

Sirdalsvegen 38, 4376 HELLELAND

Telefon: 51 40 24 00

E-post: post@lundregnskap.no

- Etablering av selskap
- Fakturering/Lønn/Remittering
- Tilgang til eget regnskap; gjøre en del av jobben selv
- Scanne bilag inn i eget regnskap
- EHF-fakturering
- Elektronisk innhenting fra Tine og Nortura

Tonstadveien 12
4440 Tonstad
Telefon 98 48 35 13
38 32 60 00
www.felektro.no

25 år - 1990 - 2015



**FLEKKEFJORD
ELEKTRO AS**

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

► **elektroinstallasjoner**

KUNNSKAP, ERFARING OG TILLIT

reklametryk: lde

Søndag er kyrkjedag



19. august kl 11.00

13.s.i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste.

Takkoffer til Vest Agder søndagsskolekrets.

Kyrkjetrym etter gudstenesta.

26. august kl. 11.00

Vingardssøndagen

Haugom kapell

Temagudsteneste med nattverd.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Grilling ved Tjødna etterpå, ta med eigen mat.

9. september kl 11.00

16.søndag i treeiningstida

Kvævemoen kapell

Songgudsteneste i samband med Sirdalsdagane.

Sirdal Blandakor.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

12. september kl 18.15

Onsdag

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste saman med Tro og lys. Barnekoret.

Takkoffer til Barnevakten.

16. september kl 11.00

17.søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

16. september kl 17.00

17.søndag i treeiningstida

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

30. september kl 11.00

19.søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste.

Takkoffer til NKSS Laget.

50-års konfirmant-jubileum.

Middag med program på

Tonstadli etter gudstenesta.

14. oktober kl. 11.00

21. søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Gudsteneste.

Takkoffer til TV-askjonen.

28. oktober kl. 11.00

Bots og bededag

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste.

Haustakkefest.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Ta med frukt og grønt - til pynt og auksjon.

28. oktober kl. 17.00

Bots- og bededag

Kvævemoen kapell

Familiegudsteneste.

Haustakkefest.

Takkoffer til

Kirkens Nødhjelp.

Ta med frukt og grønt - til pynt og auksjon.

4. november kl. 11.00

Allehelgensdag

Lunde kyrkje

Allehelgensgudsteneste.

Felles for heile dalen.

Takkoffer til Det teologiske menighetsfakultet.

Dei som har mist nokon

siste året er særskilt

inviterte.

11. november kl. 11.00

25. søndag i treeiningstida

Tonstad kyrkje

Familiegudsteneste.

Tårnagenthelg.

Gudsteneste med markering av «Søndag for dei forfulgte».

Takkoffer til

Stefanusalliansen.

25. november kl. 11.00

Kristi Kongedag

Tonstad kyrkje

Gudsteneste

Takkoffer til

Åpne Dører.

Det kan bli endringar.
Følg med i avisa og på:
www.sirdal.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkjaisirdal



			 Sirdalsdagane 7.-9. SEPTEMBER 2018  SIGVART DAGSLAND
	kultursidene		
		hausten 2018	DEN STORE KINODAGEN Alltid første lørdag i november!
	eining for kultur og fritid Sirdal kommune www.sirdal.kommune.no		Har du konfirmant til neste år og er på leiting etter festlokale? Me kan tilby Sirdal kulturhus, Klubb- huset (Tonstad IL), Tjørhom Grende- hus og Sirdal Fjellmuseum. Send oss ein mail med <u>ønskja lokale</u>, <u>dato</u> og <u>namn</u> innan 1. september, så er du med i trekninga. Send mail til: post@sirdal.kommune.no

Eit gammalt stølsområde

Falkestøl

Kulturhistorisk stølsområde

Årets dugnadstur til Falkestøl

Denne stølen står i dag som eit viktig kulturminne, området vitnar om korleis tidlegare generasjonar nytta utmark og heieområde.

Ta gjerne turen til Falkestøl: Den gamle stølshytta er alltid open, og har ein lyst på ein rast så er det både primus og kaffikjele her. Vatn kan hentast i Falkeåni, som renn nedanfor støls- huset. Det er òg mogleg å overnatte her.



Falkefjell ligg i Kvinesdal kommune, nær grensa til Sirdal. Heieområde er mykje nytta som turområde. I ei lun dalside like under Falkeknuten, langs den gamle gruvevegen frå Sirdal til Kna- ben, ligg den gamle stølen.

Heilt frå århundreskiftet dreiv folka på Risnes gard i Fjotland stølen på Falkefjell, og kvart år vart rundt 50 høyllass slått i heieområdet rundt stølen. Frå gruvedrifta starta på Kna- ben i 1855, har gruvearbeida- rar frå Sirdal gått denne ve- gen til og frå molybdengruve- ne.

Kulturavdelinga i Kvinesdal og Sirdal samarbeider om Falke- støl. Kvart år er det dug- nadstur for å gjera ymse vedli- kehald på stølen.

Årets dugnadstur vart gjen- nomført onsdag 27. juni i eit strålende flott sommarvêr. Arne Johnsen og Tor Arne Eiken representerte Kvinesdal kommune og Alf Sveinung Haugthom tok turen frå Sirdal.



Arne Johnsen og Tor Arne Eiken tek ein pust i bakken ved Falkestøl

Sjølv om det ikkje var så mange som møttes på stølen dette året, så fekk dei gjort det som skulle gjerast. Utvask, rydding og lufting er årlege gjeremål. I tillegg reparerte dei eit hòl i golvet. Etter tradisjon vart set servert Nico-pølser frå Kvinesdal og bakar- varer frå Tonstad Bakeri.

I samband med planlagd utbygging av Buhei vindpark er det sig- nalisert at det kan bli tildelt midlar til restaurering av Falkestøl, så ein går ei spennande tid i møte både på den eine og den andre måten dersom vindparken vert ein realitet.

**Sirdal
kulturskole**

SMoK

Skoleåret 2017/2018 har vært et fantastisk år

Vi gleder oss til et nytt SMoK år

Til høsten er det, i skrivende stund, søkt om 192 elevplasser på SMoK. Det er nesten 25 % økning fra i fjor, som var rekordåret!

Sommeren er over oss. Den kom brått på allerede i mai og varte til midten av juni.

I skrivende stund er sommeren tilbake, og uansett har vi allerede fått mer sommer enn de to foregående til sammen. Sånn sett er det bare å smile.



Et fantastisk år på SMoK! Vi har hatt mange timer og gjort utrolig mye kjekt. Mange har blitt veldig mye bedre i sine disipliner. Mange har prestert nye og fantastiske ting. Og ved årets slutt hadde vi omtrent 150 elevplasser. Det nest høyeste i vår historie. Det er fantastisk. Men det slutter ikke der; til høsten er det søkt om 192 elevplasser i skrivende stund. Det er ikke langt unna 25 % økning fra i fjor. Det er en ære for oss som jobber her at dere setter pris på det vi holder på med. Samtidig vitner det om at lærerne våre gjør en fantastisk jobb.

Samtidig er det en utfordring med dette; vi har ikke nok ressurser til å dekke etterspørselen. Det betyr i korte trekk at vi i år for første gang kommer til å måtte lage ventelister, og kanskje ikke bare på dem som søkte etter fristen. I møte med rådmannen ble det bestemt at enhet for kultur skulle skrive en sak på dette som vil bli politisk behandlet over sommerferien.



Så får en se hva resultatet blir her. Men i utgangspunktet betyr dette at en må gjøre opptaket ut fra gjeldende rammer, så få eventuelle ekstra plasser komme som en mulighet etter hvert.

Med bakgrunn i blant annet disse usikkerhetsmomentene vil ny musikal nok ikke bli satt opp før til våren 2019.

I mai hadde vi vårsprell. Det var fantastisk. Det var masse glede, og masse nerver. Det var gøy. Og ikke minst; Det var stort. Samtidig viser søkningen til neste år at det er mulig at vi må forberede oss på at enda flere vil være med. Hvordan vi skal løse det, får vi komme tilbake til. Alt dette ligger i framtiden. Nå er det sommerferie, is, bading, kos med familie og venner, sand i håret og alt sånn som venter! Vi gleder oss masse, og gleder oss enda mer til å se dere igjen til høsten. Men først; en velfortjent pause. God sommer.

eining for kultur og fritid

Friluftsområde Holmen

Sirdalsvatnet

Arrangement på Holmen i Sirdalsvatnet

Flott Holmenkveld

Det var mange som tok turen til Holmen, tysdag 5. juni, for å vera med på markeringa av ny brygge og område for frilufsaktivitetar her.

Ein vil oppmode alle til å bruke dette nye friluftsområdet. Med den nye brygga så er det lett å koma i land på Holmen. Her er gapahuk, bål plass og toalettbygg. Det er reinska skog slik at det er flott å ta seg ein tur rundt om i skogen på Holmen. Her er flott utsikt!



Foto: J. Tjømild, Agder



Foto: J. Tjømild, Agder

Eining for kultur inviterte til Holmenkveld i juni, for å markere det nye anlegget her. Det var mange som tok turen hit denne kvelden, og det var moro å stå ved brygga og ta imot alle båtane som kom. Det var velkomst med trekkspeltonar frå Sven Egil Testad.

Det var informasjon om det nye friluftsområde frå Ordførar Thor Jørgen Tjørhom, einingsleiar for kultur, Alf Sveinung Haugdom, som òg takka grunneigar for velvilje og positivt engasjement.

Tradisjonsberar Tore Haugdom fortalde det mest kjende sagnet som er knytt til Holmen, nemleg sagnet om Dronning Astrid og son hennar, Olav Trygvasson.

Etterpå var det servering av grillmat og kvelden vart avslutta med ein kreativ Quiz om Sirdalsvatnet. Eining for kultur takkar alle som møtte opp, og håper "Holmenkvelden" kan bli eit årleg evenement.



Foto: Tor Sindre Tjørhom

Det var stor båttrafikk til Holmen denne kvelden i juni.

Det er fleire båthamner og foreningar knytt til Sirdalsvatnet, og dei siste åra har det skjedd mange tiltak for vidareutvikling av aktivitet og ferdsel på vatnet. Dette er veldig bra!

Eining for kultur har fleire kanoar for utlån dersom nokon vil ta seg ein padletur her. Den flotte sandstranda "Sannan" er på høgde med den flottaste strand i Syden, og "Nykkhedlaren" er òg ei stor oppleving. Ein vil minne om at dersom du vitjar Holmen, så ber me deg om å ta med eventuelt søppel tilbake att, og at du elles går frå området slik du fann det.

eining for kultur og fritid

Kyrkje og kultur i Sirdal 21

Fotoutstilling Tonstadbua

Sigbjørn K. hage

Mange var innom Sigbjørn K. hagen i sommar

Rosemalinga i Tonstadbua

I sommar var det utstilling i Sigbjørn K. hagen. Her kunne besøkjande sjå flotte fotografi frå veggmalinga som er inne i Tonstadbua.

Motiva frå malinga i Tonstadbua skildrar m.a.:

David og Goliat, Absalon som hang fast etter håret, Samson og løva, Samson og de to speiderne, De fem kloke og de fem dårlige jomfruer, og De tre stendene.



Tonstadbua sto tidlegare nede ved bryggeområdet og fungerte som ferjebu (ventebu) for reisande med båt på Sirdalsvatnet. Det var gjestgivar Karl Torjeison (1723-1800) som fekk bygd denne bua på 1700 talet.

I 1753 hadde han fått gjestgivarbevilling med skjenkerett. Karl hadde truleg god råd, i 1780 ga han Tore Asbjørnsen Risøyne i oppdrag å dekorere veggane innvendig etter tidens smak.

Sigbjørn Karlson Tonstad I (1837-1903, som var bestefar til den "Sigbjørn K" som hadde huset sist) overtok "Tonstadbua" på en auksjon i 1870. Den blei reven og lagra før den ble gjenoppført på hans gard i Tonstad sentrum. Dette var før 1880. Samstundes blei det bygd kjellar med ein romsleg bakaromn under huset og det blei starta bakeri med brødutsal oppe.

Tonstadbua stod i hagen her fram til den vart flytta til Vest-Agder fylkesmuseum i 1967.



Eit sikringsgjerde vart forvandla til ein utstillingsvegg.

Rosemalinga i Tonstadbua er blant de eldste og beste ein har i Vest-Agder. Innvendig er det hovudrommet sin veggdekor som er interessant. Rosemalinga er den eldste profanmaling ein kjenner i Vest-Agder.

Veggdekoren er delt i 3 horisontale felt med ein raudfarga brystning nedst og ein blomsterranke øvst.

Mellom desse består dekoren av figurmotiv som er delt opp av vegetabilske ornament. Motiva er henta frå kjende historie frå Bibelen og folkeleg billedmotiv.

cining for kultur og fritid

SIRDAL

KINO & KULTURHUS

Film er best på kino!
Se alltid oppdatert
kinoprogram og kjøp
billett på:

www.filmweb.no/sirdalkino/



DEN STORE KINODAGEN

Alltid første lørdag
i november!

Den store kinodagen 2018 Lørdag 3. november

Første lørdag i november er det som alltid duket for
hele Norges filmfest, med kinobilletter til halv pris og
mye moro på kinoene i hele landet.
Velkommen til Sirdal komm. Kino!

eining for kultur og fritid



Sirdalsdagane

7. - 9. SEPTEMBER 2018

A portrait of a middle-aged man with short, light brown hair and a slight smile. He is wearing a dark suit jacket over a white collared shirt. His right hand is raised, with his fingers resting against his forehead and temple. The background is dark and out of focus.

**SIGVART
DAGSLAND**

Kyrkje og kultur i Sirdal 24



Sirdalsdagane

Program



FREDAG 07.09


- 16.00 Markedet åpner
- 18.00 Offisiell åpning v/ ordfører Thor Jørgen Tjørhom*
Sang av Sirdal Kraftkor*
- 19.00 Gratis stand-up show med Rune Bjerga*
- 20.00 Markedet stenger
- 20.00 Roy Jansen spiller opp og lager stemning i hovedteltet
- 22.00 Teltet stenger for kvelden

LØRDAG 08.09

- 10.00 Markedet åpner
- 10.00 Golfturnering, individuell. «Sirdal Open». Påmelding i golfbox
- 11.30 «Teskjejerringa på campingtur»
Barneunderholdning, hovedscenen
- 13.30 Sirdalsmesterskap i motorsagkasting.
Påmelding på standen til Ålgård Landbrukssenter.
(Dame og herreklasse) Aldersgrense 18 år.
- 16.00 Konsert med Sigvart Dagsland, hovedscenen
- 17.30 Saueklipping v/ Glenn Torland
- 18.00 Markedet stenger
- 21.00 Hovedteltet åpner for kvelden. Roy Jansen spiller opp
- 23.30 Åsmund Åmli band
- 02.00 Servering stenger
- 02.30 Teltet stenger. Avgang for buss til Tonstad og Ådneram

SØNDAG 09.09

- 10.00 Golfturnering, scramble. «Sirdal Open». Påmelding i golfbox
- 11.00 Markedet åpner
- 11.00 Loppemarkedet åpner på infobygget
- 11.30 Guidet, gratis tur med «Åttien» (K-11880) til Degdammen og Kilen. Enkel servering. Guide: Per Magne Sinnes.
- 13.00 Sirdal Grand Prix på plentruktor. Påmelding på standen til Ålgård Landbrukssenter. (Dame og herreklasse)
Aldersgrense 18 år.
- 14.00 Foredrag i hovedteltet: Dagfinn Enerly: «Veien videre»
- 15.00 Markedet stenger
- 15.15 Avslutning Sirdalsdagane 2018
Innslag av elever v/ Sinnes skule
Div. trekninger, premiering og blomsterutdeling.





Ordførereens spalte



Ordførereens spalte

Ordfører Thor Jørgen Tjørhom, skriver litt om det som skjer i kommunen vår.

Sommer 2018.

Sjelden har visa «Vi skal ikkje sova bort sumarnatta» passa bedre enn nå, selv om vi i skrivende stund bare er i starten av sommeren. Med Sankthansfeiringer frisk i minne, tegner det til å bli en fortreffelig sommer. Vi kan utnytte de fine lange lyse kveldene med all den aktivitet som bare fantasien setter begrensninger for.

Sirdøler er aktive, og setter pris på dette fine været, der de stråler i kapp med sola enten vi møtes på bakeriet, eller på en stille vandring i det flotte turterrenget som hele dalen omgis av. Finværet har også en bakside, manglende nedbør over tid blir en utfordring for landbruket. Det er mange år siden forrige gang bøndene måtte rigge opp vanningsanlegg. Det er nesten som om vi hadde glemt synet av disse, så la oss håpe vi får en sårt tiltrengt rotbløyte, slik at neste slått blir berget.

Det blir gjort mye arbeid for å tilrettelegge for gode opplevelser og møteplasser. I juni hadde Kulturavdelingen i kommunen en flott markering av den nye bryggen og friluftsområdet som er etablert på Holmen i Sirdalsvatnet. Det var mange som fikk prøve den nye bryggen denne kvelden. Holmen fremstår nå innbydende og godt tilrettelagt for allmennheten, den er vel verdt et besøk og kanskje til og med en overnatting. En stor takk til grunneier som har vært veldig samarbeidsvillig. Takk til de ulike båtforeningene som har lagt ned mye arbeid i dugnad og rydding.



Mange fremmøtte ved markeringen av den nye brygga og friluftsområde på Holmen i Sirdalsvatnet.



Manglende nedbør over tid blir en stor utfordring for landbruket.

Ikke minst en stor takk til Sira-Kvina kraftselskap som gjennom «Kompen-serende tiltak for utøvelse av friluftsliv i Siravassdraget» har bidratt med økonomiske midler til å realisere disse tiltakene. Grillmat og allsang, trekkspill-musikk og ikke minst fortellingen fra «kulturbautaen» Tore Haughom, skapte en euforisk ramme for denne sommerkvelden.



Asfaltarbeid mange steder i Sirdal, det blir flotte veier som gir en ny hverdag for mange.



Energifestivalen ble en stor suksess!

Årets Suppefestival, som nå er omdøpt til Energifestivalen, gav ny energi til de mange fremmøtte.

Festivalen er en god arena for å vise frem det mangfoldet vi har i Sirdal, i lag og foreninger, næringsaktører, innbyggere og tilreisende.

Dette har blitt en helg der mange kommer «hjem» til bygda, vi får synliggjort mangfoldet og festivalen skaper en god møteplass. Alt dette gir igjen et godt omdømme. Energifestivalen gav ny energi, noe som er viktig for Sirdal og for fremtidige evenement.

Som tidligere nevnt, er det stor aktivitet mange steder i Sirdal.

Sirdøler og andre har travle dager, flere firmaer og virksomheter melder om stor aktivitet og sysselsetting. Dette skaper positive ringvirkninger for hele dalen. I tillegg til dette er det mye sommertrafikk, og tilstrømmingen vises igjen som økt besøk på campingplasser, overnattingssteder og butikker.

Som de fleste av oss har lagt merke til, så foregår det asfaltarbeid flere steder i Sirdal. Vi har tålmodighet til litt venting og røde lys i forbindelsen med utbedringen av veiene. Vi har fått flere gode oppgraderinger langs Sirdalsveien, og dette blir fantastisk, rett og slett en ny hverdag for alle som ferdes mellom Tonstad og Ådneram.

Ønsker der en fortsatt god sommer.

Hilsen Thor Jørgen Tjørhom
Ordfører



Gamalt bilete av DS Fram

Dette er eit sjeldan bilete av DS Fram. Slik såg båten ut då den kom til Sirdalsvatnet i 1885. Seinare vart båten forlenga med 6 meter på grunn av stor trafikk på vatnet.

Veit du noko om historia til dette bilete, årstal, eller personane på det? Då ber me deg ta kontakt med oss, tlf.: 38 37 90 70 eller e-post til: gko@sirdal.kommune.no

eining for kultur og fritid

Sirdal kommune

www.sirdal.kommune.no

NB: Dette bilete er ikkje frå T. Dahl si samling. Fotograf er førebels ukjend.